



Arkivnr: 2016/2596-2
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Informasjons- og mediestrategi for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune gjorde slikt vedtak i sak PS 109/15 i møte 9.11.15:

«Kristian Helland (KRF) tok opp spørsmålet om korleis kontrollutvalet kan bli meir kjend i Hordaland fylkeskommune. På bakgrunn av dette vart kontrollutvalet samde om å be sekretariatet om å legge fram ei sak om dette i første møte i utvalet i 2016. Informasjons- og mediestrategi som vart vedteke av det førre kontrollutvalet i 2012 vert ein del av denne saka.»

På bakgrunn av dette vart det sak PS 40/16 lagt fram for kontrollutvalet i møte 5.4.16 der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet sluttar seg i hovudsak til innhaldet i den informasjons- og mediestrategien, med tilhøyranse operasjonalisering, som ligg føre.*
2. *I siste sak på saklista til kvart møte skal det vurderast om nokre av sakene skal førebuast for oversending til media.*
3. *Sekretariatet vert beden om gjera naudsynte endringar i teksten, i tråd med dagens situasjon, og i tråd med signal frå kontrollutvalet som kjem fram i dette møtet.*
4. *Sekretariatet vert også beden om å syta for at informasjon om kontrollutvalet på Hordaland.no, og på fylkeskommunen sitt intranett, vert oppdatert i tråd med operasjonaliseringa.*
5. *Forslag til revidert informasjons- og mediestrategi, med tilhøyrande operasjonalisering, vert å leggje fram for kontrollutvalet i møte 31.8.16.*
6. *Sekretariatet vert i det same møtet beden om å presentere for utvalet det som ligg på Hordaland.no og intranett om kontrollutvalet.*

Drøfting:

Revidert informasjons- og mediestrategi:

Informasjons- og mediestrategi for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune er redigert i tråd med punkt 5 i vedtaket over og ligg ved.

Operasjonalisering av strategien:

Sekretariatet har gjennomgått operasjonaliseringa av informasjons- og mediestrategien i tråd med punkt 5 i vedtaket. Forslag til operasjonalisering ser no slik ut:

1. **Innbyggjarane i Hordaland fylke**

- a. *Kunngjering av møta på heimesida til HFK*
 - i. *Møteinnkallingar og møteprotokollar må gjerast lett tilgjengelig på heimesida*
- b. *Kunngjering på heimesida når det ligg føre nye planar, revisjonsrapportar og kontrollutvalet si årsmelding*
 - i. *Planar, revisjonsrapportar og årsmeldingar må gjerast lett tilgjengelig på heimesida*
- c. *Kontrollutvalet må vurdere om det skal lagast pressemeldingar på særskilte saker*
 - i. *Kontrollutvalsleiar, i samråd med sekretariatet, får fullmakt til å utforme pressemeldingar*
 - ii. *Ev. be om hjelp frå informasjonsavdelinga til å kvalitetssikre formuleringar i pressemeldingar*

2. **Media**

- a. *Det må vurderast kva media det er lurt å nytte i høve einskildsaker*
 - i. *Skal ein gå breitt ut eller spisse mot ein eller nokre få media*
 - ii. *Skal ein kontakte einskild journalistar*
- b. *Vurdere nøye kva element som bør trekkast fram i pressemeldinga for å få den ønska merksemda*
 - i. *Kan saka relaterast til andre pågåande saker i media*

3. **Internt i Hordaland fylkeskommune**

- a. *Møtebok frå møter i kontrollutvalet som melding til fylkestinget*
- b. *Presentasjon av viktige revisjonsrapportar for fylkestinget*
- c. *Informasjon om resultatet av utvalde forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollar på intranett etter kvart som dei ligg føre*
 - i. *For dei fleste rapportar vil ei generell orientering vera nok*
 - ii. *For enkelte rapportar, t.d. sjukefråvær kan meir detaljert informasjon vera aktuelt*
 - iii. *Kontrollutvalsleiar, i samråd med sekretariatet, får fullmakt til å utforme pressemeldingar*

Kontrollutvalet på heimesida:

I tråd med punkt 4 i vedtaket over er det gjort naudsynte endringar i tekst på www.hordaland.no når det gjeld kontrollutvalet og sekretariatet. Vidare er det også planar om å få lagt inn informasjon om sekretariatet på Hordaland fylkeskommune sitt intranett. Sekretariatet vil i møtet presentere alle desse sidene for kontrollutvalet.

Konklusjon:

Det vert tilrådd at kontrollutvalet sluttar seg til den informasjons- og mediestrategien, med tilhøyrande operasjonisering, som ligg føre.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet sluttar seg til innhaldet i den informasjons- og mediestrategien, med tilhøyranse operasjonisering, som ligg føre.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

1 Forslag til informasjons- og mediestrategi for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune